

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 22.01.2014
Sakhandsamar: **Torunn Nilsen**
Saka gjeld: **Endringar i møteplan for styret i Helse Vest RHF 2014**

Arkivsak
2012/1
Styresak 006/14

Styremøte 05.02. 2014

Forslag til vedtak

Styret i Helse Vest RHF sluttar seg til den reviderte årsplanen for 2014.

Oppsummering

Lagd ved denne saka er revidert forslag til årsplan for styret i Helse Vest RHF for 2014. Etter ønske frå styret på styresamlinga 3. januar, har det vore e-post korrespondanse med alle styremedlemmer for å finne fram til møtedagar i mai, oktober, november og desember med minst mogleg forfall. I oktober og desember har det ikkje vore mogleg å finne møtedagar der alle kan møte.

Fakta

I revidert forslag til årsplan er det følgjande endringar i forhold til årsplanen styret slutta seg til i september 2013:

Styremøte 7. mai er flytta til **9. mai** og møtestad er endra til **Bergen**

Styremøte **18. juni** er møtestad endra til **Nordfjord**

Styremøte 30. september er flytta til **23. oktober**, møtestad Stavanger

Styremøte og styreseminar 30. september – 1. oktober er flytta til **4. – 5. november**, møtestad Sola

Styremøte 3. desember er flytta til **8. desember**, møtestad Stavanger

Endeleg dato for felles styreseminar for alle RHF-styre, er no fastsett til **24. – 25. mars**, møtestad Oslo

Kommentarar

Årsplan er eit nyttig verktøy for å skape oversikt, strukturere styrearbeidet og prioritere tida slik at dei rette og viktige sakene får breiast plass.

I årsplanen for 2014 er det lagd inn to styreseminar for styret i Helse Vest RHF. Seminaret i mars er ei felles samling med alle HF-styra. På seminaret i november deltek styreleiar og administrerande direktør i helseføretaka.

Felles styreseminar for alle 4 RHF-styre er lagd inn i mars.

Fellesmøtet med HF styra er teke ut og erstatta med presentasjonar. På styremøta i Bergen, Stavanger, Haugesund og Nordfjordeid vil det bli synfaring på sjukehus i samband med møta.

Det er lagd inn presentasjonar med:

- Private/ideelle institusjonar
- Pasient- og brukaromboda
- Helse Vest IKT
- Helse Førde
- Helse Stavanger
- Helse Bergen
- Helse Fonna
- Sjukehusapoteka Vest
- Fellesmøte med det regionale brukarutvalet

Vedlegg 1 Revidert årsplan for 2014

Vedlegg 2 Årshjul 2014